

# DEN NORSKE KIRKE

Aukra kyrkjelege fellesråd / Aukra sokneråd

## Innkalling til møte

**Utvalg** Aukra kyrkjelege fellesråd  
**Møtedato** 05.12.2017  
**Møtetid** kl. 19:10  
**Møtestad** Kyrkjelydshuset

### Innkalte:

Svein Einar Løwe, Ingunn Hjelmås, Jan Magne Breivik, Gro Merete Hoksnes, Inger Kristine Kjellnes, Inga Sølvi Korsvik Melby, Mette Myrseth Oterhals, Oddmund Arne Varhaugvik, Audhild Mork og Kristian Finn Risung.

### Varamedlemmar:

Anja Helen Otterlei, Stian Marius Sørensen, Berit Marie Sporsheim, Geir Ove Tangen Eva-Beate Opskar Nybø, Oddvar Hoksnes og Anne Marit Riste.

**Innleiingsord:** Oddmund Varhaugvik

## Saksliste

- F-Sak 058/17 Godkjenning av referat 21. 11. 2017
- F-Sak 059/17 Godkjenning av innkalling 5. 12. 2017
- F-Sak 060/17 Møteplan for Aukra kyrkjelege fellesråd / Sokneråd (Dok: 17/00061-002)
- F-Sak 061/17 Budsjett 2018 (Dok: 17/00049-019)
- F-Sak 062/17 Årsmøte (Dok: 17/00062-004)
- F-Sak 063/17 Festeavgift (Dok: 17/00034-008)
- F-Sak 064/17 Val av leiar og nestleiar til Fellesråd/Sokneråd (Dok: 17/00077-001)
- F-Sak 065/17 Rekneskap for Aukra sokn (17/00054-017)
- F-sak 066/17 Eventuelt
- S-Sak 051/17 Gudsteneste- og arrangementsplan for Aukra sokn 2018 (Dok: 17/00071-001)
- S-Sak 052/17 Takkoffer 2018 (Dok: 17/00047-012)  
Søknadar for kyrkjeåret 2018
- S-Sak 053/17 Innkjøp av salmebok med stor skrift (Dok: 15/00083-002)
- S-Sak 054/17 Likekjønna vigsel (Dok: 17/00003-004)
- S-Sak 055/17 Eventuelt

Vel møtt!

---

<b>Adresse:</b>	<b>Tlf</b>	<b>Heimeside</b>	<b>Bankkonto / Org.nr.:</b>
Skogvegen 1a 6480 Aukra	71171540	www.aukrakyrkje.no	4065.07.21545 976997654

# Aukra kyrkjelege fellestråd

## Arkivsak 17/00061

Dato: 30.11.2017  
Arkivsak-navn: Møteplan  
Saksbehandler: Beate Hostad Aukan  
Dokumentnavn: Møteplan for Aukra kyrkjelege fellestråd / Sokneråd  
Dokumentnummer: 17/00061-002  
Løpenummer: 000416/17  
Arkivkode: 012

## Forslag til vedtak til Aukra kyrkjelege fellestråd/Aukra sokneråd

Arbeidsutvalet tilrår følgjande møtedatoar for Fellestråd/Sokneråd i 2018.

Møta er satt opp på tysdagar, kl. 19.10 for Fellestråd/Sokneråd og kl. 14.00 for AU.

Møtedatoane er sendt til sekretariatet for dei politiske utvala i Aukra kommune for gjennomlesing med tanke på møte i politiske utval i 2018.

### Januar

AF/S 23. januar

AU 9. januar

### Februar

AF/S 27. februar

AU 13. februar

### Mars

AF/S 27. mars

AU 13. mars

### April

AF/S 24. april

AU 10. april

### Mai

AF/S 22. mai

AU 8. mai

### Juni

AF/S 12. juni

AU 29. mai

### August

AF/S 28. august

AU 14. august

### September

AF/S 18. september

AU 4. september

### Oktober

AF/S 16. oktober  
AU 2. oktober

**November**

AF/S 20. november  
AU 6. november

**Desember**

AF/S 11. desember  
AU 27. november

**Vedtak**

## Aukra sokneråd

### Arkivsak 17/00071

Dato: 29.11.2017  
Arkivsak-navn: 2018  
Saksbehandler: Beate Hostad Aukan  
Dokumentnavn: Gudsteneste- og arrangementsplan for Aukra sokn 2018  
Dokumentnummer: 17/00071-008  
Løpenummer: 000414/17  
Arkivkode: 311

### Saksframstilling

Vedlagt er oversikt over Gudstenestene i Aukra sokn for 2018.

Dei 10+2 gudstenestene som er i Vågøy er ikkje med i oversikta, og gudstenestene i kursiv er gudstenester som er utanom forordninga eller nye, som Soknerådet vurderer om skal vere med i gudstenesteplanen for 2018. Det er og ønskje om råd om gudstenesten på oskeonsdag skal vere på onsdag 14. februar eller søndag 18. februar.

Dato	Søndag i kyrkjeåret	Tid	Stad
1. januar	Jesu namnedag	14.00	Aukra kyrkje
14. januar	2. sø. i op.tida	11.00	Aukra kyrkje
28. januar	Såmannssøndag	11.00	Aukra kyrkje
11. februar	Fastelavnssøndag	11.00	Aukra kyrkje
14. februar	Oskeonsdag	19.00	Aukra kyrkje
18. februar	Oskeonsdag	19.00	Aukra kyrkje
4. mars	3. s i fastetida	11.00	Aukra kyrkje
18. mars	Marimesse	11.00	Aukra kyrkje
25. mars	Palmesøndag	19.00	Aukra kyrkje
29. mars	<i>Skjærtorsdag</i>	<i>17.00</i>	<i>Aukraheimen</i>
29. mars	<i>Skjærtorsdag</i>	<i>19.00</i>	<i>Aukra kyrkje</i>
30. mars	Langfredag	11.00	Aukra kyrkje
31. mars	Påskentatt	22.00	Aukra kyrkje
1. april	Påskedag	11.00	Aukra kyrkje
15. april	Samtalegudsteneste	11.00	Aukra kyrkje
28. april	Konfirmasjonsgudsteneste	11.00	Aukra kyrkje
29. april	5. sø i påsketida	11.00	Aukra kyrkje
5. mai	Konfirmasjonsgudsteneste	11.00	Aukra kyrkje
10. mai	Helgetorsdag	11.00	Aukra kyrkje
17. mai	Nasjonaldag	10.00	Aukra kyrkje
20. mai	Pinsedag	11.00	Aukra kyrkje
27. mai	Treeiningssøndag	11.00	Aukra kyrkje
17. juni	4. sø i treeinings	11.00	Aukra kyrkje
1. juli	Konfirmantjubileum	11.00	Aukra kyrkje
15. juli	8. sø i treeinings	19.00	Aukra kyrkje
29. juli	Olsok	11.00	Aukra kyrkje
12. august	12. sø i treeinings	11.00	Aukra kyrkje
26. august	Presentasjonsgudsteneste	11.00	Aukra kyrkje

9. september	16. sø i treein.t	19.00	Aukra kyrkje
23. september	18. sø i treein.t	11.00	Aukra kyrkje
7. oktober	20. sø i treein.t	11.00	Aukra kyrkje
21. oktober	Haustattakkefest	11.00	Aukra kyrkje
28. oktober	Bots- og bønndag	11.00	Aukra kyrkje
4. november	Allehelgensgudsteneste	19.00	Aukra kyrkje
11. november	25. sø i treiin.t	11.00	Aukra kyrkje
18. november	26. sø i treein.t	11.00	Aukra kyrkje
2. desember	Lysvakengudsteneste	11.00	Aukra kyrkje
2. desember	Lysmesse	19.00	Aukra kyrkje
9. desember	2.s.i.adventstida	11.00	Aukra kyrkje
16. desember	3.s.i.adventstida	11-00	Aukraheimen
16. desember	3. s i adventstida	19.00	Aukra kyrkje
			Aukra kyrkje
24. desember	Julaftan 1.	14.45	Aukra kyrkje
24. desember	Julaftan 2.	16.00	Aukra kyrkje
25. desember	Juledag	12.00	Aukra kyrkje
30. desember	Romjuls søndag	11.00	Aukra kyrkje

Det er og særlege gudstenester Soknerådet kan vurdere å arrangere i 2018:

Skaparverkets dag  
Gudsteneste i Julsundet  
Forbønngudsteneste  
Økumenisk gudsteneste  
Øvrige temagudstenester

### **Forslag til vedtak til Aukra sokneråd frå AU**

AU tilrår at det blir arrangert friluftsgudsteneste i julsundet i 2018, og at Soknerådet elles vurderer særlege gudstenester i 2018. Soknerådet vurderer dato for gudstenestene.

### **Vedtak**

## Aukra sokneråd

### Arkivsak 17/00047

Dato: 29.11.2017  
Arkivsak-navn: Søknader om offergaver 2018  
Saksbehandler: Beate Hostad Aukan  
Dokumentnavn: Takkoffer 2018  
Dokumentnummer: 17/00047-012  
Løpenummer: 000413/17  
Arkivkode: 317

### Saksframstilling

Aukra Sokneråd har fått følgjande søknadar om offergåve/takkegåve frå organisasjonar for 2018. Originalsøknadar er framlagt på møterommet i Kyrkjelydshuset 5. desember.

### Søknadar

#### Viken senter

Viken senter i Bardu er ein ideell, diakonal stiftelse som har opphav i eit brett samansett kyrkjeleg miljø. Viken senter arbeidar for å styrkje menneska sine høve til å mestre livet sine utfordringar. Senteret har fokus på kommunikasjon, relasjon og sjelesorg, og er ein ideell stiftelse utan støtte frå det offentlege. Kurs- og veiledningseininga ved Viken senter tilbyr samtalar, veiledning, kurs og seminar for enkeltpersonar, par, familiar, grupper og arbeidsplassar.

#### Søndagsskolen Romsdal krets

Søndagsskolen Romsdal krets søkjar om midlar til å starte opp nye søndagsskolar i Romsdal. Til no er om lag 1000 born i Romsdal medlemmer av Søndagsskolen, og vel 100 leiarar er aktive i arbeidet med å drive søndagsskulane rundt om i Romsdalen. Søndagsskulekretsen ønskjer og forbøn for søndagsskulearbeidet, og råd om ressurspersonar som kan vere med å drive søndagsskule. Søndagsskolen Romsdal krets er tilslutta Søndagsskolen sentralt.

#### Åkerlehaugen

Åkerlehaugen er ein privat stiftelse i Den norske Kyrkja som tilbyr stille dager, temahelger og retreatar med opptil 4 dagars vare for tilsette og elles, og rekreasjonsopphald for enkeltpersonar i lokale på Åkerlehaugen i Møre og Romsdal. Møre Bispedøme er og aktive i drifta av staden. Stiftinga søkjer i år særskild om midlar til å restaurere våningshuset.

#### Inkludermeg.no

Inkludermeg.no er ein internasjonal organisasjon som samlar inn midlar og støttar prosjekt og tiltak for born, ungdom og unge vaksne gjennom evangelisk-lutherske kyrkjesamfunn. Prosjekt som blir prioritert samla inn til er støtte til kyrkjelydsbygging og leiararbeid som vert arrangert i Kvite-Russland av Belarus Lutheran Missionary Fellowship (BLMF). For 2018 ber organisasjonen om midlar til diakonalt arbeide blant born og unge med nedsett funksjonsemne i Vitebesk-regionen i kvite-Russland.

## **Skjærgårdsgospel**

I meir enn 35 år har stiftelsen Skjærgårdsgospel hatt som visjon å forkynne evangeliet til born, ungdom og vaksne. Stiftelsen står bak ei rekke festivalar, konsertar og arrangement. Stiftinga arrangerer og Nordens største kristne musikkfestival, Skjærgårds music og mission festival, på Risøya utanfor Tvedestrand. I tillegg står stiftinga bak ei lang rekke andre konsept, som 24 hours festival, barnegospelfestivalen, Skjærgårdssong, Team Skjærgårds, Roadservice og Russetreffet i Kragerø. Stiftinga har kvar år meir enn 30 000 menneske innom arrangementa sine.

## **Belarus Lutheran Missionary Fellowship**

Belarus Lutheran Missionary Fellowship har sendt informasjon om arbeidet til organisasjonen/kyrkjelyden, utan at det er nokon direkte søknad om midlar til arbeidet dei driv. Organisasjonen ønskjer forbøn for sommarleiren dei arrangerer for born i Latvia.

## **CARE**

CARE søker om takkoffer til den internasjonale kvinnedagen 8. mars (gudsteneste 11. mars). Organisasjonen driv arbeid for å bekjempe fattigdom og utrettferd blant dei svakaste, særleg kvinner og born. CARE Norge arbeidar i 12 av verdas fattigaste land, og er ein del av eit internasjonalt nettverk i over 90 land.

## **Acta**

Acta – barn og unge i Normisjon er ein barne- og ungdomsorganisasjon innanfor den norske kyrkja. Sidan opprettinga av Acta i 2001 har organisasjonen vakse til omkring 21600 medlemmar som er i organisert i om lag 600 lokale fellesskap. Organisasjonen kombinerer sjølvstendig arbeid på bedehus, på leirstadar og i heim med nært samarbeid med kyrkjelydar i den norske kyrkja, og Acta søker om takkoffer og forbøn for å kunne fortsette å gje dette tilbodet til born og unge over heile landet.

## **Alpha Norge**

Alpha gjev innføring i kristen tru for vanlege folk, der det blir gjeve svar på livets større spørsmål. Ei hovudoppgåve i kyrkjelyden er å dele det glade budskap med andre, og Alphas visjon passar godt inn, at alle skal få sjå kven Jesus er. Alpha Noreg står også bak fire familiekurs, som har som mål å byggje gode samliv og hjelpe til med godt familieliv, god oppvekst og gjere tenåringar klar for vaksenlivet. Desse kursa er: Samlivskurset, Klar for samliv, Foreldrekurset 0-10 år, og Foreldrekurset 11-18. Alpha ønskjer takkoffer til å kunne til å kunne gje fleire tilbod om å utforske meininga med livet, og hjelp til samliv og familieliv.

## **Areopagos**

Areopagos vart grunnlagt som ein dialogmisjon av Karl Ludvig Reichelt i 1922. Organisasjonen arbeidar for at menneske skal få oppleve nestekjærleik og Gud sin kjærleik, og at alle skal møte respekt for si tru – både i Asia og her heime. To eksemplar på kva Areopagos arbeider med, er arbeid med meistring og tilrettelegging av livet til psykisk utviklingshemma i Kina, og arbeid med å etablere dialogsenter i Noreg. Saman med bispedøma driv Areopagos dialogsenter i Oslo; Bergen (Bjørgvin) og Stavanger.

## **Barnevakten**

Barnevakten arbeidar i hovudsak med å halde foredrag for foreldre og born. Organisasjonen har 30 foredragshaldarar i Noreg, og sist skuleår hadde Barnevakten 864 foredrag og møtte 54 000 born og

vaksne. Barnevakten er ein ideell organisasjon som arbeidar med å førebygge og redusere digital mobbing og mobbing generelt, og vart etablert av Tro & Medier i år 2000.

## **Bibelleseringen**

Bibelleseringen søker i samarbeid med kyrkjelydar og organisasjonar, å gjere evangeliet kjend for born, unge og familiar og oppmuntre menneske i alle aldrar til dagleg å møte Gud gjennom Bibel og bøn, slik at dei kan kome til personleg tru på vår Herre Jesus Kristus, vekse i åndeleg modenheit, bli trufaste medlemmar i ein kyrkjelyd og tenarar for ein verden i naud.

Bibelleseringen har hatt arbeid i Norge i snart 130 år, og er ein del av den internasjonale bevegelsen Scripture Union som arbeidar i meir enn 120 land.

Bibelleseringen gir ut ressursar til inspirasjon for bibelbruk som daterte og utdaterte leseplanar for enkeltmenneske, familiar, kyrkjelydar og andre kristne fellesskap og tilby kurs for foreldre og barne- og ungdomsleiarar. Bibelleseringen er organisert som ei stifting, og får ikkje statstøtte.

## **Bibelskulen i Grimstad**

Bibelskulen i Grimstad er ein privatskule som ønskjer å utdanne unge menneske til teneste og arbeid i kyrkje og kristne organisasjonar som søker om midlar til å drive skulen for. Undervisninga ved skulen er livsnær og solid forankra i bibelen, og det blir lagt vekt på praktisk undervisning, og samarbeid med ulike kyrkjelydar, skular og foreiningar.

## **Bildøy bibelskole**

Bildøy bibelskule er landets eldste bibelskule, som blir drive av Indremisjonsforbundet. Skulen har følgjande undervisningstilbod. KRIK, Musikk, Disippel og Teneste 2 – 2. årslinje. Det blir søkt om midlar til å drive skulen, som er lokalisert på Sotra, 15 km vest for Bergen.

## **Blå Kors**

Blå kors er ein organisasjon som ønskjer å skape eit vendepunkt i den enkeltes sitt liv, ein veg ut av problema knyta til alkohol, rus, psykiske lidingar, speleavhengighet og mobbing, og ønskjer å gje hjelp til småbornsfamiliar og unge menneske i sårbare situasjonar. Den norske kyrkja er ein av Blå Kors sine organisasjonsmedlemmar, og Blå Kors fins i dei fleste store byar i landet, frå Kristiansand i sør til Tromsø i nord, men i alt 56 verksemder og hjelpetiltak og 1200 tilsette. Tilboda til Blå Kors er i hovudsak gratis for dei som tilbod om hjelp, og det blir søkt om å kunne vidareføre tilbodet om å kunne hjelpe menneske i utsette situasjonar.

## **Brave Heart (Tidligere Refugee Alliance)**

Brave Heart (som betyr modig hjerte) er ein Norsk misjons- og hjelpeorganisasjon som har hovudkontor i Kristiansand. Organisasjonar arbeidar i Noreg for asylsøkarar og flyktingar, og i Irak arbeidar dei med Yazidijenter som har vore fanga av IS og torturer som sexslavar. I Afrika driv dei klinikk, gründereskule og gir traumehjelp i fleire glemte flyktingeleirar. Brave Heart driv og sjukehus, barneheim, bygger kyrkjer, driv misjon, lovsang og held konferansar, og Organisasjonen blir drive av faste gåver frå kyrkjelydar og gode folk som bryr seg, og organisasjonen ber om forbøn for både tilsette flyktingane dei møter, samt økonomisk støtte til å drive arbeidet i Noreg, Irak, Zambia og Uganda.

## **Changemaker**

Changemaker har til no vore Kirkens Nødhjelp sin ungdomsorganisasjon. Organisasjonen arbeidar for å bekjempe dei grunnleggjande årsakane til fattigdom og urettferd ved kampanjar, informasjonsarbeid og politisk påverknad for ei meir rettferdig verd. Changemaker er 25 år i 2018, og har fått økonomisk og juridisk sjølvstende frå moderorganisasjonen, Kirkens Nødhjelp. Organisasjonen ønskjer å skape



forandring basert på menneskerettighetene og prinsippet om nestekjærleik, menneskeverdets ukrenkelegheit gjennom politisk påverknad.

### **Dei fire diakoniinstitusjonane**

Dei fire diakoniinstitusjonane, Bergen Diakonissehjem, Diakonhjemmet, Diakonova og Diakonissehuset Lovisenberg søker om offergåve for 2018 til å bidra til å halde fram å drive institusjonane, og utdanne fleire til å arbeide innanfor diakonien. Utdanningsinstitusjonane ønskjer å møte ufordringane i samfunnet ved å utdanne kvalifiserte og verdibevisste fagarbeidarar til teneste i kyrkje og samfunn, og sjukehusa og omsorgsinstitusjonane deira gjev hjelp til sjuke og eldre menneske i vanskelege livssituasjonar. Institusjonane ønskjer å formidle tro, håp og kjærleik, og viser og til at gåvene kan synleggjere det felles ansvaret for at kyrkja sin omsorgsteneste kan utfolde seg i samfunnet vårt.

### **Den indre sjømannsmisjon**

Den indre sjømannsmisjonen (DISM) har til hovudoppgåve å forkynne evangeliet om Jesus Kristus til fiskarar, sjøfolk og kysten si befolkning. Misjonen skal elles gje velferdstenester til fiskarar og sjøfolk, og byggjer sitt arbeid på Bibelen – Guds ord, og på den evangelisk-lutherske bekjenninga. Dei siste åra har Den Indre Sjømannsmisjonen gjeve mannskapa på dei utanlandske cruiseskipa som kjem til Noreg eit etterlengta velferdstilbod, med gratis internett, sånn at dei kan snakke med sine kjære heime via sosiale media, og lese nyheiter frå sitt eige heimland. Dei får tilbod om kaffe, kaffimat, kristen litteratur, traktat og det nye testamentet på sitt eige språk, heilt gratis. Nokon søker forbøn eller treng nokon å prate med, og dei frivillige og tilsette i den indre Sjømannsmisjonen får gjeve vitnesbyrde om Jesus.

Den indre sjømannsmisjonen driv og Betelskipet M/S Elieser 6, og reiser langs kysten av Norge for å nå mange som sjeldan eller aldri går i kyrkje eller bedehus, og reiser og til stadar og øyer der evangeliet sjeldan blir forkynt. Elieser blir og nytta til velferdsarbeid blant fiskarar og sjøfolk i fiskerisesongen. Arbeidet blir drive av frivillige gæver.

### **Den Norske Israelsmisjon**

Israelsmisjonen si oppgåve er å bringe evangeliet tilbake til jødane, men organisasjonen har og eit stort engasjement for forsoning, og ser det som ein nødvendig og naturleg del av misjonsoppdraget. DNI var etablert i 1844, og arbeidet i Noreg er i dag fordelt på ca 80 foreiningar og 12 kretsar. Forutan arbeidet i Noreg er DNI engasjert i misjonsarbeid i Israel og Øst-Europa. Satsingsområda til Den Norske Israelsmisjonen er forkynning og undervisning, evangelisering og bygging av kyrkjelydar, haldningsskapande arbeid, diakoni og hjelpearbeid, tenesteutvikling og freds- og forsoningsarbeid.

### **Bibelgaven**

Bibelgaven søker om forbønn og takkoffer til biblar, nytestament og materiell til søndagsskuleborn til dei kristne i Syria og Irak, og ber om at kyrkjelyden lar biblar til Syria og Irak vere tema for den årlege bibeldagen 28. januar (eller ein annan dag i januar). På Bibeldagen blir det samla inn midlar til Biblar, nytestamente og kristen litteratur både til Syria og Irak, til opplæring av søndagsskulelærarar i Syria, til oversetting av biblar til minoritetsspråk i Irak, og til forsoningsarbeid med bruk av bibelen.

### **NMS**

NMS har søkt om takkoffer til arbeidet i ei rekke land rundt om i verda, og organisasjonen ønskjer å forandre verda ved å dele trua på Jesus med alle, bekjempe urettferd og utrydde fattigdom. Arbeidet blir drive gjennom enkeltpersonar, foreiningar, kyrkjelydar og NMS gjenbruk.

NMS samarbeidar med lokale kyrkjer og organisasjonar i Europa, Afrika, Asia og Sør- Amerika. Organisasjonen ønskjer å gje enkeltmenneske verdig liv og varig håp.

### **Det teologiske menighetsfakultetet**

Det teologiske menighetsfakultetet (MF) er ein privat utdanningsinstitusjon som utdannar prestar, kateketar, diakonar, ungdomsarbeidarar og lærarar i KRLE. Mange misjonærar og medarbeidarar i kristne organisasjonar får og utdanninga si ved MF. Fakultetet får tilskot frå staten, men tilskota dekkjer imidlertid ikkje drifta til det teologiske menighetsfakultetet heilt ut, og difor er verksemda avhengig av økonomiske gåver frå enkeltpersonar og kyrkjelydar. Menighetsfakultetet ber om forbøn frå kyrkjelyden, og pengegåver for å kunne gje unge menneske ei utdanning som er relevant til å drive kyrkja vidare.

### **Dronning Mauds Minne Høgskule for barnehagelærerutdanning**

DMMH er ein privat høgskule med tilknytning til Den norske kyrkja. I tillegg til å drive barnehagelærerutdanning for ca 1300 studentar i Norge, har DMMH gjennom ei årrekke hjelpe land i Afrika med å utvikle barnehagelærerutdanninga i sitt eige land. DMMH har vore direkte inne med hjelp til å starte opp barnehagelærerutdanning i Namibia, Swaziland og Mosambik. Det har og blitt starta eit nettverk for barnehagelærerutdanning der 10 skular i 6 land er med. DMMH ber om gåver, forbøn og omtanke.

### **Evangeliesenteret**

Evangeliesenteret er eit alternativ i rusomsorgen, og organisasjonen har no 12 stadar i Noreg der rusavhengige kan få hjelp. Organisasjonen vart starta i 1983 av Lise og Ludvik Karlsen. Evangeliesenteret har plass til 171 bebuarar, både menn og kvinner. Evangeliesenteret driv og bibelskule på Varna i nærleiken av Moss, og vidaregåande- og yrkesskule på Østerbo ved Halden, og også folkehøgskule på Sandvik, 20 km frå Mosjøen. I tillegg har Evangeliesenteret og eit tilbod til LAR-brukarar (legemiddelassistert rehabilitering) på Brubakken i Drangedal. Evangeliesenteret søker om takkoffer til drifta av arbeidet vidare.

### **Evangelisk Orientmisjon**

Evangelisk Orientmisjon er Norges eldste Kinamisjon, starta i 1889 av den engelske misjonæren James Hudson Taylor. Organisasjonen har prosjekt i Kina, Japan, Nord Korea og India, der dei bidreg til brønnboring, oppsetjing av vassfilter, bygging av drivhus og gjev tilskot til innkjøp av frø til å dyrke grønnsaker i område der det er lite mat. Organisasjonen sikrar og arbeidet gjennom kunnskapsformidling og kompetanseoverføring. Evangelisk Orientmisjon søker om midlar til å drive arbeidet vidare.

### **Gå ut senteret**

Gå ut senteret er ein bibelskule med fokus på internasjonalt arbeid og misjon som er tilknytt Normisjon. Skulen tilbyr bibelskule og misjonærførebuande kurs. Skulen har opna dørene for studentar i Trondheim frå hausten 2015, etter 31 års drift i Hurdal. Gå ut senteret søker om midlar til drift av senteret.

### **Himalpartner**

Himalpartner, tidligare Tibetmisjonen, har vore til stade i Himalaya siden 1938. Himalpartner ønskjer å være eit redskap for Gud sin kjærleik i Nepal og tibetanske område av Kina. Innsatsområda er

næringsliv/entreprenørskap og mental helse. og sidan 2017 har organisasjonen drive kampanjen «kva kan du ofre.no» som fokuserer på å utjevne forskjellen mellom ekstrem fattigdom og forbrukskultur, der det blir informert om måter å starte bruktmarked, byttemarked, lage mat etc under temaet «ofring». Himalpartner søkjar om midlar til å drive arbeidet i Himalaya også framover.

## **IKO**

IKO – Kirkelig pedagogisk senter er eigd av alle bispedøma i Den norske kyrkja og organisasjonen held kurs, konferansar og fagdagar, har mentortjeneste og leverer materiell til blant anna trusopplæring via IKO-forlaget. Oppgåvene til IKO er å bidra til utvikling og fornying av kyrkjeleg undervisning og trusopplæring, å være ein ressurs for kyrkjelydane sitt arbeid med trusopplæringa sitt innhald, planer og strategiar, å fremme kristen oppseding i heimen, å bidra med ressursar til skulens og barnehagane si formidling av kristen arv og tradisjon, å delta i samfunnsdebatten og bidra til at kristendom og religion er tydeligare i det offentlege rom og å medverke i og stimulere til religionspedagogisk forskings- og utviklingsarbeid. IKO er ei sjølvstendig stifting sjølv om den er eigd av bispedøma, og søkjer om midlar til å kunne utvikle tilbodet og halde drifta av organisasjonen. Det er ønskje om takkoffer i en gudsteneste der det er utdelinga av materiell frå IKO, som 4-årsbok.

## **Modum Bad**

Institutt for sjelesorg ved Modum Bad er ein ressursstad for Den norske kirke, frikyrkjer og organisasjonar. IFS tilbyr blant anna: Rekreasjonsopphald, arbeidsvegleiing, utdanning i sjelesorg og kurs med ulike sjelesorgfaglige temaer, og gjer ut tidskrift for sjelesorg fire gonger i året. IFS søkjer om takkoffer til drift av instituttet.

## **JOIN good forces**

JOIN good forces er ein norsk, kristen bistandsorganisasjon som i over 20 år har arbeidd i område som er ramma av krig og uro. Organisasjonen søkjer å hjelpe dei svakaste – kvinner og barn som er ramma av konfliktane i Øst Kongo. JOIN har etablert eit spesialsjukehus for kvinner, og arbeider blant anna med å hjelpe kvinner og barn som er voldtekne i krigshandlingar. Organisasjonen har til no hjelpe over 30500 valdtekne born og kvinner i DR Kongo, og har etablert eit sjukehus for kvinner og ei utvida ei avdeling ved eit anna sjukehus. JOIN støtter og to barneheim med over 200 barn som får medisinsk oppfølging, omsorg og skulegang. JOIN søkjer om midlar til å drive arbeidet i Kongo.

## **KFUM-KFUK Forandringshuset.**

Forandringshuset er eigd og blir drive av Norges KFUK-KFUM som er ein av landets største barne- og ungdomsorganisasjonar med ca 17 000 medlemmer fordelt på 500 grupper over heile landet. Forandringshuset er ein del av KFUK-KFUM sitt diagonale program, forankra i organisasjonens verdier og formål. Forandringshusets viktigaste oppgåve er å bygge opne, trygge fellesskap der born og unge kan være seg sjølv og utvikle seg som heile menneske. Forandringshuset arbeider med følgende utfordringar: press på identitet, mental/sosial/fysisk helse, sosial eksklusjon, urettferdig globalisering og religiøs polarisering. Organisasjonen ønskjer midlar til å drive Forandringshuset.

## **KFUK-KFUM Global**

KFUK-KFUM legg Jesu nestekjærleiksprinsipp og kristen tru til grunn for arbeidet med internasjonal diakoni, og er ein global organisasjon som arbeider for rettighetene til unge menneske og med ei særskild fokus på kvinner. Organisasjonen ønskjer å gjere kvinner bevisste på rettigheter, å kunne skape eit levebrød, og gje fellesskap, mot og høve til å halde leiarar ansvarlege for meir rettferdige samfunn, og til å skape ei trygg og fredeleg verd.

## **Møre og Romsdal KFUK-KFUM**

Norges KFUK-KFUM er ein kristen barne- og ungdomsorganisasjon med 20.000 medlemmar i over 500 grupper i heile landet. I Møre og Romsdal krins er det 1200 medlemmar, fordelt på barne- og ungdomsgrupper, Ten Sing-grupper, Idrettsarbeid og vaksenarbeid. På krinsplan arrangerer KFUK-KFUM årleg m.a. Triangeldag (barnearrangement), Vintertreff (ungdomsarrangement), påskeleirar, barneleirar, KFUK-helg (kvinnehelg) og leiartreningskurs for våre medlemmar og andre som har lyst til å delta. Offergåva vil gå til løn til krinssekretær/daglig leiar, styrke barne- og ungdomsarbeidet lokalt, leiartrening av ungdom og arrangement på krinsplan.

### **KFUK-KFUM Speidere**

Norges KFUK-KFUM-speidarane er ein sjølvstendig, kristen barne- og ungdomsorganisasjon med 11 000 medlemmer fordelt på 250 grupper over hele landet. Vi ønsker å gi våre medlemmer et møte med kristen tro, og bidra til ansvarsbevissthet, sjølvstende samfunnsengasjement, mellomfolkelig forståing og respekt for naturens verdi. KFUK-KFUM har 11 000 medlemmer fordelt på 250 grupper over heile landet. KFUK-KFUM speidarar søker om midlar til å drive speidararbeid for born og unge.

### **Stiftelsen Kirkelig ressurscenter**

Stiftelsen Kirkelig ressurscenter mot vold og seksuelle overgrep er eit nasjonalt diakonalt kompetansesenter for kyrkjesamfunna og dei kristelege organisasjonane i Noreg. Organisasjonen er eit kyrkjeleg møte- og samtalestad for kvinner og menn som har vore utsett for vald og seksuelle overgrep. Ressurscenteret er organisert som ei stifting med følgjande samarbeidspartar: Kirkerådet, Norges Kristne Råd, Norges KFUK-KFUM og Blå Kors Norge. Stiftinga søker om midlar til drifta av senteret.

### **Kirkens Bymisjon**

Kyrkja sin bymisjon vil påpeike og motverke årsakar til at urett oppstår, avdekkje krenkingar, gje hjelp og lindre naud.

Målet til Bymisjonen er å gje menneske – uansett religiøs eller kulturell bakgrunn, seksuell legning, livssituasjon eller livssyn – erfarar respekt, rettferd og omsorg. Organisasjonen søker midlar til å drive arbeidet i 2018. Alle offergåvene går til lokale formål ved stiftinga rundt om i Noreg.

### **Stiftelsen Kirkens Familievern**

Stiftinga Kirkens Familievern er ein sjølvstendig diakonal institusjon innan Den norske kyrkja. Stiftinga si formål er å yte hjelp til familiar, par og enkeltpersonar der det er vanskar, konflikhtar eller kriser i familien. Stiftinga arbeidar for stabile familierelasjonar – gjennom samtalar med familiemedlemmar og på det førebyggjande plan gjennom bla samlivskurs og utarbeiding av materiell til temakvelder i kyrkjelydane. Stiftinga søker om midlar til drift av organisasjonen.

### **Kirkens Fengselsarbeid**

Kirkens Fengselsarbeid søker om kyrkjeoffer frå Aukra sokn i 2018. Hovudformålet er å gje hjelp til nordmenn som sit i fengsel både i utlandet og i Noreg. Kirkens Fengselsarbeid er ei sjølvstendig stifting innanfor den norske kyrkja og den viktigaste inntektskjelda er kyrkjeoffer.

### **Kirkens Nødhjelp**

Kirkens nødhjelp er kyrkja sin fellesdiakonale organisasjon, som vart etablert for 70 år sidan når norske kyrkjelydar starta ei stor nødhjelpsinnsamling til Tyskland etter krigen. Aukra sokn har tradisjonelt samla inn midlar til Kirkens Nødhjelp sine formål i Fasteaksjonen, til jul og ved særskilde høve. Dei siste åra har fokuset vore på å gje tilgang til reint drikkevatt, trygge sanitærforhold og hjelp og støtte til jenter og kvinner som har opplevd kjønnsbasert vald og støtte til utdanning. KN har og program for klimatilpassing, og opplæring i jordbruk tilpassa eit endra klima i utsette delar av verda.

KN søker om midlar til å drive det langsiktige arbeidet og i 2018, og kunne ha midlar til å vere til hjelp ved katastrofar eller i krigssonar.

### **Kirkens sosialteneste**

Kirkens sosialteneste er ei landsdekkjande ideell stifting som vart starta i 1987. Basert på eit tydeleg diakonalt verdigrunnlag, kunnskapsbasert praksis og arbeidsformer som opnar for innovasjon og læring, vil organisasjonen stå opp for menneske i utfordrande og vanskelege livssituasjonar. Kirkens sosialteneste har 19 verksemder, der rundt 500 tilsette og meir enn 100 frivillige medarbeidarar gjer ord om til diakonale haldningar. I tillegg til eit omfattande institusjonsskrift, driv organisasjonen ni oppfølgingscenter for oppfølging før under og etter rusbehandling og soning. Organisasjonen skiftar denne hausten til namnet CRUX, som har fleire tydingar. CRUX er latin for kors, dette hentydar til det kristne, diakonale idégrunnlaget, eit uttrykk henta frå klatresporten, og viser til det vanskelegaste punktet i ei klatrerute og CRUX kan og representere eit vegskilje, ein stad for val, nye moglegheiter og alternative vegar å gå. Representantar frå Kirkens sosialteneste kan og besøke kyrkjelyden i gudstenesten.

### **Kirkens SOS**

Kirkens SOS søker om midlar til å drive tilbodet med Krisetelefonen, SOS-chat, telefoni og samfunnskontakt. Midlane som blir gjeve blir gjeve til Kirkens SOS-senter i Møre bispedøme. Kirkens SOS har til saman om lag 1000 frivillige medarbeidarar ved 11 SOS-sentre rundt om i landet. Organisasjonen tek i mot noko offentleg støtte, men er avhengige av gåver frå mellom anna kyrkjelydane for å oppretthalde og utvikle krisetelefonen, SOS-chat og SOS-melding.

### **KRIK**

Kristen idrettskontakt har blitt eit viktig og omfattande ungdomsarbeid i Den norske kyrkja KRIK arbeidar med å bevare, inspirere og vinne ungdommar i Noreg, Sverige, Danmark, Finland og Øst-Afrika gjennom leirar og lokallag, og gjev glede til deltakarane gjennom å gje ansvar å få oppleve mestring, og har og lykkast i å rekruttere gutar, inkludere til gode og aktive fellesskap og bidreg og aktivt til integrering i migrantmiljø og på asylmottak. KRIK hadde i 2016 15100 medlemmar.

### **Kristen Muslimmisjon**

Kristen Muslimmisjon er ein misjonsorganisasjon med hovudoppgåve å nå muslimane med evangeliet. Organisasjonen har arbeid i Senegal, India, Israel og Indonesia. Organisasjonen vart grunnlagt i 1940. Organisasjonen driv ein helseklinikk, skule for jenter og driv evangeliseringsarbeid i India, i Senegal drives arbeid innanfor evangelisering, bibeloversetjing, brønngaving, handikapp- og evangeliseringsarbeid, og det er og bygd ei kyrkje i Nioro, som blir leia av ELS, Den nasjonale evangeliske kyrkja.

Frå Israel blir bladet Misbah Ull-Haqq, sannhetens lys, sendt til ca 40 land mellom anna i Midtøsten 4 gonger i året, og i Indonesia støttar KMM organisasjonen Smyrna Fellowship, og lønar evangelistar/medarbeidarar på Java og Nord-Sumatra.

### **KABB**

Kristens arbeid blant blinde og svaksynte er ein tverrkyrkjeleg og riksdekkjande organisasjon med medlemmar over heile landet. KABB er kyrkjelydane si forlenga arm overfor synshemma, men tilboda er og tilgjengelege for menneske med andre funksjonshemmingar og for lesehemma. På eit budsjett på over 8 millionar kroner, må KABB samle inn 2,5 millionar kroner i kyrkjeofringar og private gåver. Organisasjonen ønskjer økonomisk teneste frå kyrkjelyden for å kunne inkludere fleire menneske som høyrer heime i kyrkja, men som ikkje har funne sin plass.

## **KIA**

KIA, Kristent Interkulturelt arbeide, arbeider for å skape trygge møteplassar mellom nordmenn og innvandrarakar, og å inkludere alle inn i kyrkjelydane til den norske kyrkja. Kvar månad når arbeidet fleire tusen flyktningar og innvandrarakar i Noreg, og organisasjonen ber om midlar til å drive dei lokale avdelingane i Noreg, som er om lag 25 stk. Temaet «Eg var ein framand – tok dere i mot meg?» er ein gjennomgåande tematikk som KIA arbeidar med.

## **Kristne arbeidarar**

Kristne arbeidarar ber om takkoffer, gjerne til ein gudsteneste kring tida 1. mai. Kristne arbeidarar er en organisasjon innanfor den norske arbeidarbevegelsen og den norske kristenrørsla, og tradisjonelt har mykje av arbeidet til organisasjonen vore rette mot andaktsverksemd i bedrifter og organisasjonar. Organisasjonen er og oppteke av å delta i den offentlege debatten, og har som mål å tydeliggjere korleis ei kristen tru og nestekjærleik kan vise seg i handlingar både som enkeltmenneske og som samfunn

## **KRUSS**

Kristenrussen sin visjon er «Sammen og til stede gjør vi en forskjell», og KRUSS ønskjer å samle inn midlar til å drive misjon. Misjonsprosjektet for 2018 heiter «Håp i verden», og er eit samarbeidsprosjekt mellom UIO, IFES og Bibelselskapet.

Alle midlane som blir samla inn går til følgjande prosjekt. UIO sitt arbeid i Nepal, Thailand og India Prosjektet gjev utdanning til flyktningar, hjelper kvinner som er fråtekne høve til å kome ut i arbeid og kyrkjelydsplanting. Bibelselskapet har eit bibelarbeid blant ungdom i Ukraina som sit i fengsel og øvrige institusjonar, og Laget sitt arbeid i Kirgisistan støttar studentarbeidarar gjennom undercover arbeid, leirar og bibelstudiar. Meir om prosjekta er her: <https://kristenrussen.no/krusseaksjonen>

## **Maritastiftelsen**

Maritastiftelsen vart etablert i 1984 på bakgrunn av det førebyggjande arbeidet mot narkotika som stiftinga sin grunnleggjar, Leiv O Holstad begynte i 1975.

Stiftinga sitt formål er å forhindre at ungdom byrjar å ruse seg og hjelpe dei som har blitt rusavhengige til eit nytt og meningsfylt liv utan rus». Stiftinga har 37 tilsette i Noreg samt ca 150 frivillige medarbeidarar som deltek i det oppsøkande arbeidet i Oslo, samt er det og 14 menneske som besøker skular, militærforlegningar og liknande med Maritafilmen og foredrag.

## **Menneskeverd – Eit liv – uendeleg verdi**

Menneskeverd er ei av Norges fremste stemmer for livsvern og organisasjonen arbeidar for at stadig fleire skal sjå mennesket sin verdi i alle livets fasar. Organisasjonen er sterkt engasjert i den aktuelle debatten om systematisk sortering i fosterlivet som berører spesielt barn med Downs syndrom.

Menneskeverd ønskjer eit samfunn med plass til alle, der det ikkje blir sortert vekk menneske med ulike diagnosar og avvik.

Menneskeverd er i hovudsak basert på gåver og medlemskontingentar, og organisasjonen ber om at offersøknaden blir innvilga då gåva ville vore til stor hjelp i arbeidet viare.

## **Mercy Ships Norge**

Mercy ships Norge formidlar håp og nestekjærleik gjennom livsforvandlande kirurgi, og er ein tverrkyrkjeleg organisasjon som driv verdas største privateigde sjukehuskip, «Africa mercy». Mercy ships gjev gratis helsetenester til nokon av verdens gløymde fattige, , i tillegg trenar og utrustar

organisasjonen helsemyndighetene i landa dei besøker. African Mercy har om lag 430 personar i mannskapet frå om lag 40 ulike nasjonar, som arbeidar ulønt og sjølv betalar for alle utgifter for eige opphald. Organisasjonen kan yte gratis helsetenester der tilbod om dette manglar, grunna mannskapet, og gåver frå privatpersonar, kyrkjelydar og bedrifter. Mercy ships ber kyrkjelyden om ei kollekt i ein gudsteneste i 2018.

### **Misjonsalliansen**

Misjonsalliansen har sidan 1901 arbeidd for å bekjempe fattigdom, fremme rettferd og bygge Guds rike. Misjonsalliansen er ein diakonal organisasjon som samarbeidar med lokalbefolkninga i lande dei driv arbeid. Organisasjonen arbeidar for betre utdanning, betre helsetenester, skaffe folk reint vatn og stimulere til eit levande kyrkjeliv. Organisasjonen gjev og mikrolån sånn at folk kan arbeide seg ut av fattigdom og utviklar lokalsamfunn.

### **Misjon utan grenser**

Misjon utan grenser arbeidar for å gje guds ord til omsorg til fattige born og familiar i Øst-Europa. Organisasjonen driv eit stort misjons- og hjelpearbeid blant fattige menneske i Øst-Europa. Organisasjonen ønskjer ei gåve til å kunne gje biblar til endå fleire fattige barn i Øst-Europa.

### **MAF**

Mission Aviation Fellowship (MAF) er ein tverrkyrkjeleg organisasjon som driv med bistandsflyging og nødhjelp. Organisasjonen flyg dit ingen kan eller vil flyge - over ørkenar, jungel, fjell og sumpar. MAF operer med 135 småfly i 25 land, og er ein uerstatteleg støttefunksjon for over 1500 organisasjonar og kyrkjer. Det lettar og landar eit MAF-fly kvart 4. minutt.

### **Navigatorane**

Navigatorane sin visjon er at stadig fleire møter Jesus og kjem til tro på han ved at enkeltmenneske utrustas til å leve tydelege disippelliv – i Noreg og gjennom misjon. Organisasjonen ønskjer å hjelpe vanlege menneske til å navigere i livet ved å gå eit stykke veg og saman sjå kva Bibelen har å seie for våre liv, be saman og hjelpe kvarandre med å gi evangeliet viare. Organisasjonen er avhengig av gåver frå kyrkjelydane, privatpersonar og elles for å drive arbeidet, og Navigatorane søkjar om ei ofring i 2018.

### **Nettverket fornyelse**

Nettverket fornyelse vart starta i 2013, og dei 3 første åra vart arbeidet drive på frivillig basis av unge menneske. Organisasjonen arbeidar med å setje kristne saker på dagsordenen i sekulære media, engasjere kristne til mediaengasjement, å ha ein positiv og god dialog med redaktørar og journalistar i media, drifting av mediasida mediedrypp.no som der kristne kan henvende seg for å få tips eller hjelp til å kontakte media på ein god måte, organisasjonen driv og eigen radioprogram «Medieblikk», gjer informasjonsarbeid i kyrkjelydar og gjer og har og gjeve ut boka «Medias makt og kristne moglegheiter». Organisasjonen søkjer om eit takkoffer i 2018.

### **NLA**

NLA Høgskulen i Bergen er 50 år i 2018. Som einaste kristne høgskule blir det og starta opp tilbod om masterutdanning i grunnskolelærer i Oslo. NLA Høgskulen ber om eit offer til å hjelpe å ivareta desse lærarstudentane.

### **Norea mediemisjon**

Norea mediemisjon driv arbeid med å bringe evangeliet ut til menneske i delar av verda der det er vanskeleg å drive tradisjonelt misjonsarbeide. I samarbeid med Trans World Radio sendast det dagleg

kristne radioprogram til Nord-Korea, eitt av verdas mest lukka land, via ein kortbølgjesendar i Stillehavet. Organisasjonen ber om eit takkoffer i 2018.

### **KFUK-KFUM**

KFUM-KFUK er ein kristen barne- og ungdomsorganisasjon som hjelper unge menneske til å leve og vekse i tru på Jesus Kristus og mellommenneskeleg forståing. Organisasjonen tilbyr trygge fellesskap med vekentlege aktivitetstilbod, festivalar og leirar – open for alle.

KFUK-KFUM arbeidar mot det strenge identitetspresset som barn og ungdom opplever i dagens samfunn, og gjev det trygghet om at dei er elskja av Gud. Organisasjonen søkjer om ei offergåve i 2018.

### **Laget**

Noregs Kristelige Student- og Skoleungdomslag arbeidar for å gjere Jesus kjend, og ønskjer at elevar og studentar skal koplast opp mot kyrkjelyden der dei bur. Laget ber om at det blir innvilga eit offer, og at kyrkjelyden hugsar på dei i bøn.

### **Noregs Kristelige Studentforbund**

«Forbundet» har som formål å vekke og styrke kristen tru og identitet blant studentar, born og unge, og samle dei om arbeid for Guds rike, mellom anna gjennom gudstenesteliv, sosiale, politiske og kulturelle oppgåver til ein felles innsats for fred, rettferd og likestilling.

NKS vart stifta i 1899 og er ein økumenisk studentorganisasjon, som er tilslutta World Student Christian Federation.

### **Norsk Luthersk Misjonssamband**

Med arbeid i fire verdsdelar formidlar NLM den kristne tru i ord og gjerning. Gjennom dette arbeidet har menneske fått betre helse og betre levekår, og viktigast av alt: fleire har blitt kjend med Jesus – verdas frelsar.

NLM –ønskjer eit takkoffer for 2018.

### **NLM ung**

NLM ung er barne- og ungdomsorganisasjonen som tilhøyrer NLM, og består av om lag 700 barne- og ungdomssfellesskap over heile Noreg. Det er første gongen NLM ung søkjer om kyrkjeoffer frå Den norske kyrkja.

### **P22**

P22 har sidan oppstartinga i 1979 hjelpe rusmiddelavhengige til rustfriheit gjennom avrusing, motivasjon og førebuing til rehabilitering, og søkjer om eit takkoffer til å drive arbeidet vidare også i 2018.

### **Sandomstiftelsen**

Sandom Retreatsenter i Lom og Tomasgården på Kornsjø ved Halden blir begge eigd av Sandomstiftinga, som står bak denne søknaden. Stiftinga har fast tilsette retreatmedarbeidarar, som saman med frivillige medarbeidarar arrangerer ulike typar retreatar gjennom året. Stiftinga ber om eit offer i 2018.

### **Rådet for Psykisk Helse**



10. oktober er det verdsdagen for psykisk helse. Dagen er ein offisiell FN-dag som blir markert over heile verda kvart år. Årets tema er «noko å glede seg over», og organisasjonen ønskjer å oppfordre alle til å finne dei små og store tinga som gjer glede for seg sjølv og andre. Organisasjonen ber Soknerådet om at det blir fokus på psykisk helse i ein eller fleire gudstenester, og gjerne knytt til verdsdagen 10. oktober. Organisasjonen vonar og at organisasjonen ser positivt på eit takkoffer.

### **Sabeels venner**

Sabeel betyr «veg» og «kjelde» på arabisk, og vatnet straumar ut frå korset og blir til den vegen som gjer håp, oppreisning og evig liv gjennom Jesus Kristus.

Sabeels vener har i over 15 år støtta palestinske kristne, via det økumeniske senteret Sabeel, med verksemd frå 1994 i Jerusalem og Nasaret. Dersom Soknerådet vil støtte Sabeel, er eit bidrag til organisasjonen svært velkome. Midlane går direkte til Sabeels arbeid i Jerusalem og Nasaret frå kyrkjelydane går rett til Sabeel i Jerusalem og Nasaret.

### **Tomaskirken**

Signo søker om offer eller gåve til Tomaskyrkja i 2017/2018. Midlane vil gå til det kyrkjelege arbeidet Signo gjer for døvblinde og døve med fleire funksjonsnedsettingar.

Signo er ein sjølvstendig diakonal stifting med tilknytning til Den norske kyrkja. Organisasjonen ønskjer midlar til å byggje eit klokketårn som står ved sida av kyrkja.

### **Sjømannskirken**

Sjømannskyrkja – Norsk kyrkje i utlandet søker om å få innvilga kyrkjeoffer for 2018. Visjonen til organisasjonen er å fremme Guds rike gjennom å vere ei tenande kyrkje i verdas kvardag.

Sjømannskyrkja er heilt avhengig av frivillige gåver for å kunne vere ein heim for nordmenn over heile verda.

### **Stefanusalliansen**

Stefanusalliansen (Tidi. Norsk Misjon i Øst) arbeidar under mottoet «Saman for dei forfølgde». Sidan starten i 1967 har organisasjonen sett på det som sitt kall å hjelpe forfølgde kristne og for friheit til å tru, alle menneske sin eigen rett til å vel kven og kva dei vil tru på. Alliansen sender ikkje ut egne misjonærar, men støttar lokale kyrkjer, organisasjonar og enkeltpersonar. Alle kjenner språket og kulturen og sørgjer for at hjelpa blir målretta og effektiv. Organisasjonen søker om ei gåve for 2018.

### **Korsvei**

Korsvei er bevegelsen som har ei overordna målsetjing «å inspirere og utfordre menneske til å søke fortruleg fellesskap med Jesus Kristus, og bli foreina med an i kampen for livet i vår verden». Til hjelp i arbeidet er det formulert fire vegvisarar: Søke Jesus Kristus, Byggje Fellesskap, Leve enklare og Fremme rettferd». Organisasjonen vart etablert i 2015, og har sidan då etablert kolibri forlag saman med misjonsalliansen, og søker om takkoffer frå kyrkjelyden i Aukra i 2018.

### **OASE**

Stiftinga OASE har sidan starten i 1980 hatt fokus på fornyingsarbeide retta inn mot Den norske kyrkja, og hovudarrangementet til organisasjonen er Oases sommarkonferanse i juli kvart år, der det er om lag 5000 deltakarar som deltek. Oase ønskjer no å utvide arbeidet resten av året ved å reise ut til kyrkjelydar som ønskjer bidrag frå Oase under overskrifta «En Oase der du bur», og søker om takkoffer frå kyrkjelyden i Aukra.

## **Strømmestiftelsen**

Strømmestiftelsen er ein utviklingsorganisasjon med verksemd i Afrika, Asia og Sør-Amerika, og visjonen til organisasjonen er ei verd utan fattigdom. Strømmestiftinga driv langsiktig utviklingsarbeide saman med lokale partnerorganisasjonar og i Sør, og hjelpar alle på lik linje, uavhengig av politisk ståstad, religion, seksuell legning, etnisitet og nasjonalitet.

## **Søndagsskulen – ein prestasjonsfri arena**

Søndagsskulen arbeider for at alle born skal få høve til å blir kjent med Jesus på ein trygg og inkluderande arena, der det ikkje er krav til førebuing eller oppfølging i etterkant. Søndagsskulen er ein prestasjonsfri arena der born kan bli kjende med Jesus på ein trygg og inkluderande arena, heilt fri for press. Organisasjonen søker om midlar til å drive søndagsskular.

## **Tro og medier**

Tro og medier er ein tverrkyrkjeleg organisasjon som arbeidar for kristen tru og gode verdier i mediekvardagen. Organisasjonen arbeidar innanfor tre hovudfelt: Mediebevisstgjerjing, Mediedialog og Mediemisjon. Organisasjonen søker om takkoffer frå kyrkjelyden i 2018.

## **Ungdom i oppdrag Norge**

Ungdom i oppdrag Norge søker om takkoffer frå kyrkjelyden i Aukra i 2018. UIO er ein del av den internasjonale misjonsbevegelsen Youth with a mission, og er ein tverrkyrkjeleg misjonsorganisasjon som arbeidar ut frå mottoet «Å kjenne Gud, og å gjere han kjend».

## **Ung Kirkesang**

Gudsteneste, trusopplæring og musikkfagleg utvikling er tre stikkord for Ung kirkesang barne- og ungdomsarbeid. Ung kirkesang har fleire enn 350 barne- og ungdomskor, gute- og jentekor, familiekor, orgelklubber og småbornssanggrupper knyta til kyrkjelydar over heile landet. Ung kirkesang er ein organisasjon i vekst, og har over 8000 medlemmar med hovudtyngde i alderen 6 – 15 år.

## **VID**

VID vitenskapelege høgskule, studiested Stavanger (tidlegare Misjonshøgskulen) søker om å få tildelt eit takkoffer i 2018. Misjonshøgskulen vart etter 170 år ein del av VID vitenskapelege høgskule etter fusjonen med Diakonihjemmet Høgskule, Haraldsplass diakonale høgskule og Høgskulen Betanien, og har i dag litt i overkant av 400 studentar. Høgskulen takkar for tidligare gåver og forbøn, og søker om takkoffer for 2018.

## **Voksne for barn**

Voksne for barn er ein ideell medlemsorganisasjon som har arbeidd for borns oppvekstvilkår og psykiske helse i snart 60 år. Organisasjonen arbeidar med og for born, foreldre, omsorgspersonar og fagfolk. Dei driv hjelpetiltak, kurs, opplærings- og foredragsverksemd, og er høringsorgan i saker som angår borns psykiske helse og driv ei aktivt og utadretta misjonsverksemd.

## **Wycliffe**

Wycliffe er ein organisasjon som arbeidar for at alle menneske skal få tilgang til bibelen på sitt eige språk, og fortsatt er det 1,5 milliardar menneske som ikkje har heile bibelen på eige morsmål. Mange

har heller ikkje skriftspråk, og treng lese- og skriveopplæring. Organisasjonen ber om ei takkegåve i 2018 for å halde fram arbeidet med oversetting av bibelen og utsending av personell for språkutvikling og bibeloversetjing i Asia, Oseania og Afrika.

## Åpne Dører

Åpne Dører er til stade i over 70 land der kristne blir forfølgd for si tru. Åpne Dører kartlegg situasjonen og gjev årleg ut ei liste over dei som er forfølgde. (World Watch List) der 50 land er rangert etter kvar lidinga er størst. Organisasjonen gjev mat og klede til familiar som er på flukt, formidlar biblar og anna kristen litteratur til lukka land, hjelper born og unge med skule og arbeidsopplæring, held seminar og leiartrening med sikte på å opprette fred, forsone menneske, reparere liv og gjenoppbygge samfunn.

Aukra sokn har og innsamling til eigne formål i kyrkjelyden:

- Misjonsprosjektet Kyrkjetak i Kamerun
- Trusopplæring
- Innsamling til Kyrkjetekstilar
- Kyrkjebladet i Aukra, Midsund og Sandøy

## Forslag til vedtak til Aukra sokneråd

Aukra sokneråd innstiller på følgjande vedtak til fordeling av takkoffer/takkegåve 2018. Det er ønskjeleg at medlemmane i Soknerådet gjev eigne innspel på takkoffer til gudstenestene, og til på kva måte Aukra sokn skal støe opp om både eigen og øvrige organisasjonar økonomisk.

Dato	Søndag i kyrkjeåret	Tid	Stad	
1. januar	Jesu namnedag	14.00	Aukra kyrkje	Misjonsprosjektet
14. januar	2. sø. i op.tida	11.00	Aukra kyrkje	CARE
28. januar	Såmannssøndag	11.00	Aukra kyrkje	Bibelselskapet
28. januar	Bibeldagen	19.00	Aukra kyrkje	Bibelselskapet
11. februar	Fastelavnssøndag	11.00	Aukra kyrkje	Søndagsskulen i Romsdal
14. februar	Oskeonsdag	19.00	Aukra kyrkje	Ikkje kollekt
18. februar	Oskeonsdag	19.00	Aukra kyrkje	Ikkje kollekt
4. mars	3. s i fastetida	11.00	Aukra kyrkje	Kyrkjetekstilar
18. mars	Marimesse	11.00	Aukra kyrkje	Trusopplæring
25. mars	Palmesøndag (konsert)	19.00	Aukra kyrkje	Kollekt til Kyrkjemusikk i Aukra
29. mars	Skjærtorsdag	17.00	Aukraheimen	Ikkje kollekt
29. mars	Skjærtorsdag	19.00	Aukra kyrkje	Ikkje kollekt
30. mars	Langfredag	11.00	Aukra kyrkje	Ikkje kollekt
31. mars	Påskennatt	22.00	Aukra kyrkje	Ikkje kollekt
1. april	Påskedag	11.00	Aukra kyrkje	Menneskeverd
15. april	Samtalegudsteneste	11.00	Aukra kyrkje	Åpne dører
28. april	Konfirmasjonsgudsteneste	11.00	Aukra kyrkje	Trusopplæring
29. april	5. sø i påsketida	11.00	Aukra kyrkje	Misjonsprosjektet
5. mai	Konfirmasjonsgudsteneste	11.00	Aukra kyrkje	Trusopplæring
10. mai	Helgetorsdag	11.00	Aukra kyrkje	Kyrkjebladet
17. mai	Nasjonaldag	10.00	Aukra kyrkje	KIA

20. mai	Pinsedag	11.00	Aukra kyrkje	MAF
27. mai	Treeiningssøndag	11.00	Aukra kyrkje	Trusopplæring
10. juni	Sommarkonsert?			
17. juni	4. sø i treeiningst	11.00	Aukra kyrkje	Misjonsalliansen
1. juli	Konfirmantjubileum	11.00	Aukra kyrkje	Kyrkjebladet
15. juli	8. sø i treeiningst	19.00	Aukra kyrkje	Misjonsprosjektet
29. juli	Olsok	11.00	Aukra kyrkje	Tro og media
12. august	12. sø i treeiningst	11.00	Aukra kyrkje	Kyrkjetekstilar
26. august	Presentasjonsgudsteneste	11.00	Aukra kyrkje	Trusopplæring
9. september	16. sø i treein.t	19.00	Aukra kyrkje	CARE
23. september	18. sø i treein.t	11.00	Aukra kyrkje	Diakoni
7. oktober	20. sø i treein.t	11.00	Aukra kyrkje	Misjonsprosjektet
21. oktober	Hauttakkefest	11.00	Aukra kyrkje	Kyrkjebladet
28. oktober	Bots- og bønedingst	11.00	Aukra kyrkje	Diakoni
4. november	Allehelgensgudsteneste	19.00	Aukra kyrkje	Dei fire diakoniinstitusjonane
11. november	25. sø i treein.t	11.00	Aukra kyrkje	Trusopplæring
18. november	26. sø i treein.t	11.00	Aukra kyrkje	KFUK-KFUM
2. desember	Lysvakengudsteneste	11.00	Aukra kyrkje	Trusopplæring
2. desember	Lysmesse	19.00	Aukra kyrkje	Konfirmantane set offerformål
9. desember	2.s.i.adventstida	11.00	Aukra kyrkje	Misjonsprosjektet
16. desember	3.s.i.adventstida	11-00	Aukraheimen	Nettverk for fornyelse
16. desember	Adventskonsert	19.00	Aukra kyrkje	Kollekt til Kyrkjemusikk i Aukra
24. desember	Julaftan 1.	14.45	Aukra kyrkje	Kirkens nødhjelp
24. desember	Julaftan 2.	16.00	Aukra kyrkje	Misjonsprosjektet
25. desember	Juledag	12.00	Aukra kyrkje	Sjømannskyrkja
30. desember	Romjulssøndag	11.00	Aukra kyrkje	Kyrkjebladet

# Aukra kyrkjelege fellestråd

## Arkivsak 17/00049

Dato: 30.11.2017  
Arkivsak-navn: Budsjett 2018  
Saksbehandlar: Beate Hostad Aukan  
Dokumentnavn: Budsjett 2018 - prioriteringar  
Dokumentnummer: 17/00049-021  
Løpenummer: 000417/17  
Arkivkode: 112

## Saksframstilling

Aukra kyrkjelege fellestråd har fått løyving frå Aukra kommune på kr. 3 416 000 å drive soknet for i 2018, som er mindre enn det som er omsøkt.

Det blir skrivne ei ny sak om Aukra sokn til formannskap/kommunestyre frå rådmannen i februar eller mars 2018, der løyvinga til soknet blir prinsipielt behandla.

Fellestrådet kan gjere nytt vedtak dersom soknet får meir midlar til disposisjon i februar/mars, og det er tilrådeleg at Fellestrådet gjer vedtak om eit budsjett i balanse for 2018 seinast i februar.

Vedlagt er forslag til budsjett for 2018, sånn som det vart omsøkt til Aukra kommune til budsjetthandlinga i november, til vurdering. Fellestrådet kan og vele å gjere vedtak om nytt budsjett for 2018 som er i balanse til møtet i januar.

Leiar i Fellestrådet/Soknerådet ønskjer at det blir drøfta kring eventuelle budsjetjusteringar.

## Forslag til vedtak

## Vedtak

## **Aukra kyrkjelege fellestråd/Sokneråd**

### **Arkivsak 17/00062**

Dato: 30.11.2017  
Arkivsak-navn: Årsmøte  
Saksbehandler: Beate Hostad Aukan  
Dokumentnavn: Årsmøte  
Dokumentnummer: 17/00062-004  
Løpenummer: 000420/17  
Arkivkode: 012.1

### **Saksframstilling**

Årsmøte for Aukra sokn blir arrangert årleg, og inneber ei gjennomgang av Årsmelding og Årsrekneskap for Kyrkjelyden.

Særlege sakar som skal behandlas av møte i kyrkjelyden skal drøftas på desse møta.

### **Forslag til vedtak til Aukra kyrkjelege fellestråd/Sokneråd frå AU**

Aukra sokn arrangerer årsmøte 27 mai 2018.

# Aukra kyrkjelege fellesråd

## Arkivsak 17/00034

Dato: 30.11.2017  
Arkivsak-navn: Reglement for Aukra kyrkjegard  
Saksbehandler: Beate Hostad Aukan  
Dokumentnavn: Festeavgift  
Dokumentnummer: 17/00034-008  
Løpenummer: 000418/17  
Arkivkode: 511

## Saksframstilling

Aukra kommunestyre har godkjend innstilling til vedtak frå Aukra kyrkjelege fellesråd om å auke festeavgifta til 100 kroner året etter 30 års frigrav.

## Forslag til vedtak

Aukra kyrkjelege fellesråd tek saka til vitande.

## Vedtak

# Aukra kyrkjelege fellestråd

## Arkivsak 17/00077

Dato: 30.11.2017  
Arkivsak-navn: Val av leiar og nestleiar  
Saksbehandler: Beate Hostad Aukan  
Dokumentnavn: Val av leiar og nestleiar til Fellestråd/Sokneråd  
Dokumentnummer: 17/00077-001  
Løpenummer: 000419/17  
Arkivkode: 012.2

## Saksframstilling

Aukra kyrkjelege fellestråd vel årleg leiar og nestleiar til utvalet.

Leiar og nestleiar i utvalet har stilt plassen sin til disposisjon.

## Forslag til vedtak

## Vedtak



## **Aukra kyrkjelege fellestråd**

### **Arkivsak 17/00054**

Dato: 30.11.2017  
Arkivsak-navn: Årsbudsjett 2017  
Saksbehandler: Beate Hostad Aukan  
Dokumentnavn: Rekneskap 17. november  
Dokumentnummer: 17/00054-017  
Løpenummer: 000424/17  
Arkivkode: 112

### **Saksframstilling**

Vedlagt er rekneskapen for Aukra sokn til og med 17. november, samt oversikt over rekneskapen for trusopplæringa i Aukra sokn.

Soknet ser ut til å få eit mindreforbruk på mellom kr. 250 000 og 300 000 for 2017, og kan redusere meirforbruket frå 2016 tidligare en tenkt.

### **Forslag til vedtak**

### **Vedtak**

## Aukra kyrkjelege fellestråd

### Arkivsak 15/00083

Dato: 29.11.2017  
Arkivsak-navn: Salmebøker til Aukra kyrkje  
Saksbehandlar: Beate Hostad Aukan  
Dokumentnavn: Innkjøp av salmebok med stor skrift  
Dokumentnummer: 15/00083-002  
Løpenummer: 000412/17  
Arkivkode: 350

### Saksframstilling

Det er ønske om frå kyrkjelyden at det blir kjøpt inn fleire salmebøker med stor skrift til kyrkja. Det er til no kjøpt inn 20 salmebøker med stor skrift, og det er ønske om at det blir kjøpt inn ytterlegare 20 bøker.

Kostnaden for ei bok er kr. 499 med preginga «Aukra kyrkje» (inkl. mva)

Kostnaden for 10 bøker med preging er kr. 4990 (inkl. mva).

Kostnaden for 20 bøker med preging er kr 9980 (inkl. mva)

### Forslag til vedtak

Aukra kyrkjelege fellestråd kjøper inn 20 salmebøker med stor skrift til Aukra kyrkje til kr. 9980.

### Vedtak

## **Aukra sokneråd**

### **Arkivsak 17/00003**

Dato: 28.11.2017  
Arkivsak-navn: Kirkemøtets vedtak om likekjønna vigsel  
Saksbehandler: Beate Hostad Aukan  
Dokumentnavn: Likekjønna vigsel  
Dokumentnummer: 17/00003-004  
Løpenummer: 000411/17  
Arkivkode: 322

### **Saksframstilling**

Audhild Mork har ønske om at saka om Kyrkjemøtets vedtak om likekjønna vigsel blir teke opp at som sak i Aukra sokneråd.

### **Forslag til vedtak**

### **Vedtak**